



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

Tid:	Tysdag 03. mai 2022 kl. 20:00
Stad:	Digitalt
Tilstades:	Marius Johannessen, Øyvind Gulliksen, Karl Andreas Karlsen, Magnus M. Aronsen, Anna Tveit (vara)
Frå adm.:	Hildegunn L. Fjelland
Andre:	
Forfall:	Erik Bloch, Jakob Løve Rud (vara), Andrea Maud Mjønes (vara)
Referent:	Hildegunn L. Fjelland

Visekretsleiar leia styremøte.

Saksliste

RK-sak 28/2022	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 29/2022	Godkjenning av referat frå styremøte 24.mars 2022
RK-sak 30/2022	Rekneskapsrapport
RK-sak 31/2022	Kretsleir
RK-sak 32/2022	Hytte, gåve frå Metodistkirken i Haugesund
RK-sak 33/2022	Ekstraordinært årsmøte
RK-sak 34/2022	Festivalleir
	Eventuelt

RK-sak 28/2022: Godkjenning av innkalling og saksliste

Ingen merknadar.

VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent.

RK-sak 29/2022: Godkjenning av referat frå styremøte 24. mars 2022

Ingen merknader til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 24. mars 2022 vert godkjent.

RK-sak 30/2022: Rekneskapsrapport

Alle utgifter etter kretskonkurransen er ikkje kome inn enda, men det ser ut til at arrangementet går med eit underskot. Dette er fordi kretsstyret, kretskonkurranseskomiteen og teknisk arrangør valte å bruke pengar på innleigd underhaldning til leirbålet. Det var altså antatt og planlagt for eit underskot på forhånd.

VEDTAK: Kretsstyret tek rekneskapsrapporten til orientering.

RK-sak 31/2022: Kretsleir

- Karl Andreas gjekk gjennom det leirkomiteen har planlagt så langt. Store delar av komiteen er skipa og dei har byrja arbeidet med kretsleiren i 2023. Datoen vert 24.juni-1.juli. Forhåpentlegvis kjem fyrste infobrev før sommarferien.
Det er framleis plass til fleire i stab innanfor dei ulike etatane. Etatsleiarane jobbar med å bygge sin etat, men interesserte kan også ta kontakt!
- Leirkomiteen ynskjer tilbakemelding i frå kretsane om prisnivå og priskategoriar for dei ulike deltakarane. På forje leir var det mykje billigare å delta som forelder enn som leiar, og dette har det kome litt kritikk for.

Kretsstyret syntes det burde vere ein priskategori for vaksne og ein for speidarar, der dei vaksne betalar litt mindre enn speidarane, men mindre differanse enn på forje leir (800kr i forskjell på leiar/speidar og foreldre).

VEDTAK: Kretsstyret tek kretsleir-rapporten til orientering. Kretssekretær vidareformidlar kretsstyret sitt synspunkt om prisar for leiren.

RK-sak 32/2022: Hytte, gåve frå Metodistkirken i Haugesund

Ryvarden Krets har vorte kontakta av Metodistkirken i Haugesund angående ei speidarhytte dei har ved Haukåsvannet i Sveio kommune. Menigheten skal avviklast, og dei ynskjer at hytta no kan kome andre til nytte. Dei har difor gitt oss følgande tilbod:

Alternativ 1: Menigheten har brukt ca 300.000kr på vedlikehald og oppgraderingar på hytta dei seinare år. Me vert tilbydd å kjøpe hytta for kr 300.000 pluss omkostningar som vert 28.000kr

Alternativ 2: Dei legg hytta ut for sal på det opne markedet. Når hytta vert solgt beholder dei 300.000kr sjølv, og gir resterende i gåve til Ryvarden Krets.

Metodistkirken i Haugesund ynskjer at kretsen skal ta ei avgjersle om kva alternativ me ynskjer før kretsen sitt neste planlagde årsmøte. Ryvarden krets må difor setje opp eit ekstraordinært årsmøte for å stemme over dei to alternativa.

VEDTAK: Kretsstyret kallar inn til ekstraordinært årsmøte og orienterer gruppene om saka.

RK-sak 33/2022: Ekstraordinært årsmøte

- For å ta ei avgjersle om kva me skal gjere med hyttegåva frå Misjonskirken så må me ha eit ekstraordinært årsmøte.
Datoen vert 12. juni- Påmeldingsfrist vert 10.juni.
- Signaturrett og prokura i Ryvarden krets, sak til ekstraordinært årsmøte
Per dags dato har kretsen ingen retningslinjer på kven som har signaturrett og prokura på vegne av kretsen/kretsstyret. Dette trengs om me t.d. skal opprette ein ny konto, inngå ein leigeavtale, gjere store kjøp og no i samband med ei eventuell overtaking av hytta frå Metodistkirken. Kven som skal ha signaturrett og prokura vert difor også ei sak på det ekstraordinære årsmøtet.

Kretsstyret foreslår desse alternativa for prokura og signaturrett.

Hvilke roller har fått prokura?

Kryss av for den eller de rollene som har fått prokura.

Daglig leder alene eller sammen med andre

- Daglig leder alene.
- Daglig leder eller styrets leder hver for seg.
- Daglig leder eller styrets medlemmer hver for seg.
- Daglig leder og styrets leder i fellesskap.
- Daglig leder og ett styremedlem i fellesskap.

Styrets leder alene eller sammen med andre

- Styrets leder alene.
- Styrets leder eller nestleder hver for seg.
- Styrets leder og nestleder i fellesskap.
- Styrets leder alene eller to styremedlemmer i fellesskap.
- Styrets leder og ett styremedlem i fellesskap.
- Styrets leder og to styremedlemmer i fellesskap.

Styrets medlemmer alene eller sammen med andre

- Styrets medlemmer hver for seg.
- Nestleder og ett styremedlem i fellesskap.
- To styremedlemmer i fellesskap.
- Tre styremedlemmer i fellesskap.
- Styret i fellesskap.

Hvilke roller har fått signaturrett?

Kryss av for den eller de rollene som har fått signaturrett.

Styrets medlemmer alene eller sammen med andre

- Styrets medlemmer hver for seg.
- Nestleder og ett styremedlem i fellesskap.
- To styremedlemmer i fellesskap.
- Tre styremedlemmer i fellesskap.
- Styret i fellesskap.

Styrets leder alene eller sammen med andre

- Styrets leder alene.
- Styrets leder eller nestleder hver for seg.
- Styrets leder og nestleder i fellesskap.
- Styrets leder alene eller to styremedlemmer i fellesskap.
- Styrets leder og ett styremedlem i fellesskap.
- Styrets leder og to styremedlemmer i fellesskap.

Daglig leder alene eller sammen med andre

- Daglig leder alene.
- Daglig leder eller styrets leder hver for seg.
- Daglig leder eller styrets medlemmer hver for seg.
- Daglig leder og styrets leder i fellesskap.
- Daglig leder og ett styremedlem i fellesskap.

VEDTAK: Dato for ekstraordinært årsmøte vert 12.juni. Kretssekretær sender innkalling og sakliste. Signaturrett for kretsen vert ei sak på det ekstraordinære årsmøtet.

RK-sak 34/2022: Festivalleir

- Me skal leige doar. 4 stk kostar 4000kr.
- Karl Andreas har tatt kontakt med dei som lagar leirmerkene. Fargar, design osv er klart. 200stk.

- Åkra er dei einaste som har meldt interesse for å ha kiosk. Dei får ansvar for kiosken og får beholde overskotet.
- Me treng nokon som kan lage mat til stab. Hildegunn fikser.
- Magnus fikser klippekort.
- Karl Andreas fikser redningsvestar til kanoøkt.

VEDTAK: Kretsstyret jobbar vidare med forslaga frå kretstingets årsmøte og drøftar oppgraderingar på Lier med leirplasskomiteen.

Eventuelt